

Minst 700 opplevde Aktivitetsdagen

11.06.2011



Scat Harding kan meir enn å laga redningsbåtar

**Aktivitetsdagen 2011 vart ein formidabel suksess for arrangøren
Aktivitetshusets Damevenner og alle dei andre som bidro
i puslespillet av innslag.
Ein uskedeling på 65 kan ikkje hugse at så mye folk har vore samla i bygda
og ei kvalifisert gjetting frå kulturkontoret går ut på at minst 700 møtte fram.**

**Klimaks var som vanleg Hopp i havet og i likheit
med dei flste andre innslaga
fortener det våte forsommareventyret beste karakter.
Rett nok trakk 3 av dei
påmeldte seg, men dei 13 som var med viste stort
engasjement og kreativitet.**



Mest optimistiske: Energiteknikk!

Apropos kreativitet:: Politikar-juryen beståande
av Kjell Yri, Elin Legland og
Gunn Mari Moberg fann at Bondelagets traktor var den mest

kreative farkosten medan
Energiteknikk volumøse konstruksjon var den mest optimistiske.



Endene blir plukka opp frå elva. Alle 400 vart selde

Men det var Scat Harding som var raskast fram til

bjølla og dermed vann verksemda

tilbake dei 5000 kroner som dei hadde punga ut med som premie.

Den ferda gjorde den vesle, men kvikke båten unna på 14,84 medan dei andre
plasserte seg slik:

2. Spar Uskedalen 3. Noreq 16,58
4. Energiteknikk 17,89
5. Skigruppa Jentutn 20,30
6. Kvinnherad Energi 20,49
7. Johannes Hjelmeland 22,70
8. Cafe TI-aren 23, 20
9. Kvinnheringen 23,70
10. Bondelaget 26,07
11. Grenda 26,10
12. Framstegspartiet 37,49
13. Damevennene 54,45

Det var grunn til å beklaga at ingen andre politiske parti stilte opp mot Frp,
særleg fordi partiet hamna nest sist og hadde vore ein lett match.



Damevennene sjølv hadde ein farkost som måtte kallast yndig

Arrangementet vart prikkfritt avvikla, sjølv i Holmenkollen har dei neppe gjort det betre. En dytig og slagferdig speaker - Ørjan Bakke - bidrog ikkje minst til det og viste at hjelpepleiarar kan nyttast nærsagt til alt.

Det var også fleire tevlingar denne dagen, ikkje minst andeløpet med mål utanfor Rabben.

Dei siste 150 av dei 400 endene gjekk unna om føremiddagen og dermed fekk idrettslaget 40 000 kroner meir i kassa. Leif Magne Framnes vant sykkel til 6.000 kroner og Marte Karin Tveit sykkel til 4 000 medan tredjepremien gjekk til Anne Karin Haavik.



Truleg var det meir enn 700 som såg Hopp i havet

Eit gjenoppliva bondelag frista også med tevlingar - i jurklutkasting

og hesteskokasting og

det var grunn til å merka seg at leiaren i
soknerådet vann den første tevlinga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen